

OM LANDSKYLDVARA «BERGEFISK» I GUDBRANDSDALEN

Arnfinn Kjelland, Høgskulen i Volda

INNLEIING

I norsk historie har fisk og fiskeri vore nært knytte til kysten. Innlandsfiske har ikkje vore like viktig, når ein ser bort frå dei store innsjøane og laksefiske i dei større elvane, særleg i den relativt korte perioden slikt fiske her i landet var populært blant den engelske overklassen.

Det er ting som kan tyde på at innlandsfiske i eldre tid har vore viktigare enn det som er kome fram i historieskrivinga. Det kan ha samband med at mykje av denne skrivinga bygger på kjelder skrivne av embetsmennene i form av rapportar, svar på spørsmål frå sentraladministrasjonen i København og etter kvart topografisk-statistiske skildringar interesserte embetsmenn skreiv på eige initiativ. Eit fellestrekk for desse embetsmennene var at dei i alle fall til ein viss grad tenkte fysiokratisk – dei sette jordbruket og bonden i høgsetet og underkommuniserte kanskje annan form for næringsverksemd.¹ Det er til ein viss grad tilfellet for Gudbrandsdalen òg.²

I dei eldste systematiske skriftlege kjeldene med vareinformasjon frå Gudbrandsdalen vi har, frå 1500-talet, dukkar nemleg *bergefisken* opp. Desse eldste kjeldene er lister over innbetalingar til eller lagerhald hos statsmakta, som var lokalisert på

Akershus festning. Varene er i hovudsak komne inn i form av leigeavgifter av den jordeigedomen staten eigde, *landskylda*, og andre inntekter staten hadde i form av bygsel, skatt og bøter for lovbrøt (sakefall).

Dei eldste av desse kjeldene er ikkje samanhengande, dei finst berre for enkelte år eller nokre få år etter kvarandre. Det er derfor ikkje råd å kvantifisere nøyaktig. Men oppgåvene syner likevel at det her er snakk om ei vare av eit ikkje ubetydeleg omfang; på Akershus var det ifølgje jordeboka for rekneskapsåret 1557–58 lagra over 315 bismarpund (over 1700 kg) slik fisk.

Kva for fisk dette var, kor han kom frå, og kor mykje av landskylda i forskjellige delar av Gudbrandsdalen han utgjorde, er spørsmål eg skal ta for meg i denne artikkelen.

STATSINNTEKTENE: LANDSKYLD OG SKATT

Landskylda er den viktigaste kjelda som systematisk syner kor fisken kom frå. Ho var opphavleg den årlege leigeavgifta som leiglendingane betalte til jordeigarane for leige av gardane, og denne avgifta vart truleg fastsett ut frå bruksverdien og altså betalt med varer av det slaget garden produserte mest av.³

Dermed kunne ho òg fungere som ein fast målestokk for jordeigedom og kunne nyttast ved mellom anna arveskifte, kjøp og sal. Landskylda hadde òg, seinast i samband med Magnus Lagabøtes landslov frå 1274, blitt til ein fast, landsomfattande takst på alle eigedomar og grunnlag for skattlegging.⁴

Regionale undersøkingar tyder på at storleiken på landskylda til vanleg kan ha vore på 1/6 av det gardane produserte. Folketapet ved svartedauden og dei etterfølgjande pestepidemiene førte til at dette rimeleg faste verditilhøvet vart skipla – vi fekk det velkjente *landskyldfallet* i siste del av 1300- og 1400-talet. Skylda festa seg så att sist på 1400-talet. På denne tida begynte folketalet å vekse att, og dei store jordeigarane (den katolske kyrkja, kongen og adelen) prøvde å auke inntektene sine av eigedomane ved å skru opp att landskylda. Det vart i betydeleg grad stoppa i samband med reformasjonen, da det nye danskestyret alt i 1539 i lovs form (recess) gav bygdefellesskapet kontroll med fastsettinga av landskylda – ho skulle vere i samsvar med «Jordens Afvext». Landskylda vart i alle fall ståande utan nemnande endringar til matrikkelrevisjonen først på 1800-talet, medan jordeigarane fekk høve til å auke inntektene gjennom nye bygselsavgifter: ved brukarskifte (førstebygsel) og ei mindre avgift, holding, kvart tredje år.⁵


«Det nordisk ødegårdsprosjekt» granska i 1970-åra busetnadsutviklinga i Norden i seinmellomalderen og starten på tidleg nytid i samanliknande perspektiv.⁶ Landskyldfallet var da eit viktig tema. For Gudbrandsdalen er det indikasjonar på at den landskylda som jordeigarane kunne rekne med ved inngangen til nytida, ikkje var høgare enn 13 % av det ho hadde vore i høg mellomalderen, men ho hadde betydelege variasjonar.⁷

Innkrevjinga av landskylda var i utgangspunktet sjølvsgatt den enkelte jordeigar sitt ansvar. Den samla

jordeigedomen i Noreg fordelte seg etter landskylda kring 1500 med 7,5 % til kongen (staten), 47,5 % til den katolske kyrkja, 13 % til adelen og resten, ca. 32 %, til andre private, mest bønder.⁸ Ved reformasjonen gjekk kyrkjeieigedomen over til staten, og i tida fram mot 1661 gjekk om lag 4 % frå adelen sine eigedomar same veg, slik at staten da kontrollerte ca. 52 % av all eigedom i landet. Av dette vart ca. 21 % nytta til å finansiere den nye lokale kyrkjeorganisasjonen; den sentrale statsmakta i Danmark fekk inntektene av ca. 31 %.⁹

I denne samanhengen må også det særnorske *skylddeigesystemet* nemnast. Det var ikkje uvanleg at det var fleire eigarar av ein gard, men dei eigde eigentleg berre ein del av landskylda, ikkje ein fysisk part av jorda eller skogen. Slik deling kunne ha skjedd ved at ein brukar gav ein part til den katolske kyrkje for sjelemesse eller betalte ei bot til kongen, men mest vanleg var nok at ho skjedde ved arveskifte, der jordeiga kunne bli fordelt på arvingane på same måte som anna formue. Den som da tok over garden, laut betale landskyld til medarvingar inntil han hadde løyst inn att desse partane.¹⁰

Frå sist på 1500-talet får vi etter kvart systematisk oversyn over landskylda på jordeigedom i eiga til staten gjennom lensrekneskapa. For andre eigarar er slik informasjon berre fragmentarisk bevart. Men ut på 1600-talet auka statsmakta sitt behov for inntekter dramatisk på grunn av aktiv krigføring, og det førte til at dei faste inntektene av offentleg jordeigedom åleine ikkje vart nok – skattane måtte opp. Det var framleis i lang tid fast jordeigedom som var skattegrunnlaget, og statsmakta måtte få samla oversyn over eigarskapen til han. Det fekk ho gjennom å registrere all jordeigedom med eigarar og landskyld, sjølv om skylda framleis stod på det nivået ho var på i byrjinga av 1500-talet. Med det skatteregisteret som vart etablert etter ei forordning frå 1647, fekk vi for første gong eit slikt samla oversyn



Figur 1: Utsnitt frå landkommisjonsjordeboka 1661 for Heggen i Follebu. Vi ser den inneheld mykje interessant gardshistorisk stoff. Brukaren er Simon, og under står det at garden «skylder» (det vil seie at landskylda var) 1,2 huder og 2 bismarpund 4 bismarmerker fisk (12,1 kg) og «nock» ½ hud (?). Til venstre går det fram kven som eig garden og skal ha landskylda: Krona (staten) eig størsteparten, medan Dal prestebord (presten) eig den siste halve huda. Så ser vi at under garden vart ein øydegard kalla «Surenflot» på 1 hud brukt, og på same måte «Mageløs» og «Wundslet» (truleg òg øydegardar) på 1 hud til saman. Denne jordeigedomen er det brukaren på Heggen som eig sjølv. Skatten foring på ½ riksdaler er han fri for, men leidangen på 8 «alba» (å 1/3 skilling) og skatten for ei bekkverkverv på 8 skilling må han betale.⁶³

over all eigedom i landet, etter kvart nemnt i eintal som *matrikkelen*.¹¹

Historikaren Kåre Lunden har elles hevda at den «bondevenlege» politikken til dansk kongen på 1500-talet først og fremst kom av at han (staten) berre kontrollerte en tredjepart av jordeigedomen: «Kongen var difor meir interessert i å 'tappe' alle bøndene for *skatt* enn for jordleige av nokre.»¹² Med denne prosessen hadde nemleg statsmakta lagt til rette for overgangen frå det som i norsk historie har vore kalla *domenestaten*, som i stor grad fekk inntektene sine frå jordeigedomen staten eigde sjølv, til *skattestaten*, som kunne skattlegge alle verdiar i landet. Landskylda vart dermed ein nøkkel til fordeling av skattebyrdene, både på eigarar og på brukarar (leiglendingar). Det neste elementet i staten sin skattepolitikk vart så å selje frå staten sin

eigedom, til sist til bøndene gjennom den prosessen som er kalla overgangen til sjølveige.

MATRIKKELEN

Frå 1500- og 1600-talet er det så tre slag kjelder som fortel om landskylda: ein del jordebøker, dei etter kvart meir fullstendige seriar av lens- og futerekneskap og så matriklane. Jordebøkene og matriklane må reknast som *normative* kjelder – dei har registrert landskyld og andre ytingar som var *pålagt* eigedomane. Lensrekneskapa inneheld i prinsippet det som faktisk vart innbetalt av varer eller pengar, ikkje kva som stod i ei jordebok som gamal takst eller skyld. Det var futane som forvalta dette materialet, og som etter kvart sendte det til sentralforvaltinga i København for revisjon og kontroll. Frå omkring 1600 er rekneskapsseriane rimeleg komplette år

for år og tilgjengelege for analyse, men dei inneheld i hovudsak skattelister. Nokre få av desse har landskyldoppgåver, men dei fleste berre namn på gardane, brukarane og innbetalt skatt.

I samband med innstramma av skattlegginga fann staten det etter kvart nødvendig å få skikkeleg oversyn over den samla landskylda. I 1647 godkjente derfor riksstyret i København landskylda i Noreg som mål på kor mykje som skulle betalast i den viktigaste skatten på denne tida, kontribusjonsskatten.¹³ Samstundes og i dei næraste åra vart det samla inn oversyn over skylda på alle skattepliktige gardar. Desse oversyna er transkriberte og trykte.¹⁴

Berre knapt 15 år seinare sette så den nye einveldige statsmakta i gang ein ny gjennomgang av jordeigedomen i Noreg. Det resulterte først i jordebøker etter den såkalla landkommisjonen frå 1661 og så ein fullstendig gjennomgang for heile landet etter påbod frå 1665. Den vart utført i åra fram til 1670 og førte til det som er kalla *den gamle matrikkel*. Målet var også å gjere om og regulere («reducere») den gamle skylda til tre vareslag, korn, smør og fisk, men det vart gjennomført berre på Vestlandet. I dei andre landsdelane vart dei gamle landskyldvarene i hovudsak ståande som skattegrunnlag, men da etter ei distriktsvis norm for forholdet mellom dei. Den var situasjonen heilt fram til den nymatrikuleringa som den nye norske staten sette i gang i 1818, og som førte fram til ein ny matrikkel frå 1838.¹⁵ Denne vart gjeven ut i trykt form med både gamal og ny skyld oppgjeven for alle eigedomar, no oftast nemnd «matrikkelskyld» og ordna etter rettsdistrikt, tinglaga. I Gudbrandsdalen samsvarar desse stort sett med den geistlege inndelinga i prestegjeld.

Først i 1720-åra (1723 i Gudbrandsdalen) vart det gjort eit forsøk på å revidere matrikkelen frå 1660-åra,¹⁶ men den reviderte vart ikkje sett i verk. Hausten 1802 kom det så ei forordning om ein *jordtakst* som grunnlag for skattlegging på ein betre

måte enn den gamle matrikkelskylda, som i mindre og mindre grad spegla den reelle verdien av eigedomane. Protokollane etter takseringsarbeidet i 1803 inneheld gamal skyld og ny takst.¹⁷ Taksten har dessverre betydelege manglar fordi det vart sett avgrensingar i gjennomføringa,¹⁸ men det har likevel ikkje noko å seie for registreringa av den gamle skylda.

Desse listene er altså sentrale kjelder til å vise oss kvar i Gudbrandsdalen eigedomsverdien vart sett i bergefisk, og kva som var omfanget av vareslaget. Når eg i denne samanhengen ikkje nemner den første matrikkelen, frå 1647, er det av ein særskilt grunn som syner dei kjeldekritiske utfordringane vi står overfor: I 1647 er nemleg *all* skylda rekna om til huder og skinn (av høvesvis ku og kalv – ei kuhud var delt i tolv kalvskinn). Ingen av dei to andre hovudskyldvareslaga som var brukt i dalen, fisk og vadsmål, er med. Dette syner truleg at innbetaling i form av forskjellige varer var på veg ut, og at landskylda stort sett vart betalt med mynt etter fastsette takstar (sjå nedanfor).

I jordavgiftsoppgåvene frå 1803 har eigedomane nummer som samsvarar med dei som er gjevne att i den reviderte matrikkelen frå 1838¹⁹ som «Gammelt Matr.-No.» og kopla til det nye matrikkelnummeret. Dette er i sin tur i den siste matrikkelen frå 1886 kopla til dagens gardsnummersystem. Dermed er det muleg å lokalisere eigedomane meir nøyaktig enn berre ved dei eldre matrikkelistene, der det kan vere mange med same namn («Lien», «Haugen», «Bakke» og så vidare). Eg har derfor brukt jordavgifta i den detaljerte gjennomgangen nedanfor. Registreringane inneheld i alt litt i overkant av 2000 eigedomar med gamal skyld i Gudbrandsdalen medrekna Gausdal og Fåberg tinglag.

Det kan vere verd å nemne at neppe nokon av matriklane lister opp nøyaktig dei *gardsbruka* eller driftseiningane som fanst på det tidspunktet dei

vart skrivne ned. Dette var først og fremst lister berekna på å registrere skattegrunnlaget, og det var det sjølve eigedomane som var. Driftseiningane var jo i betydeleg grad *dynamiske* gjennom bruksdelingar og -samanslåingar og varierte over tid. I dei eldre matriklane er det nemnt namn på brukaren som var ansvarleg for å betale skatten for *matrikkelgarden*,²⁰ men det kan ofte stå fleire namn på same eininga, eller same person kan stå som eigar (skattytar) av fleire einingar. Slikt kan da tyde på at det har skjedd bruksdeling eller -samanslåing, men det var ikkje så interessant for futen så lenge skatten av all eigedom vart betalt.

LANDSKYLDA: VARIERANDE VARESLAG OG PENGAR

Når brukaren, leiglendingen, ikkje eigde landbruksjorda, skulle han altså betale landskyld til eigaren i form av varer garden produserte. Det kunne i høg- og seinmellomalderen vere eit særst breitt spekter av produkt; ein kan til dømes sjå vareslag som hogde bord, tjøre, reip, never og til og med ferdigprodukt som trekoppar nytta til å betale landskyld med.²¹ Det gav jordeigarane utfordringar – dei kunne sjølvsagt ha behov for ein del av desse varene i eiga forvaltning, men dei fekk ikkje så lett inn inntektene i form av gangbar mynt. Jordbruksvarene kunne nyttast og vart nok nytta til kost for hushaldet og til anna vedlikehald av hus og utstyr. Men dei varene jordeigaren ikkje sjølv kunne nyttiggjere seg, måtte han omsette for å få kapitalisert eigedomen, og dermed voks det etter kvart fram eit press på leiglendingane om å betale landskylda i form av mynt.

No var ikkje dette ein prosess som gjekk berre ein veg – marknadsprisane kunne for den saks skyld vere til fordel også for leiglendingane. I tider med høge prisar på landskyldvarene, til dømes smør, kunne dei ha interesse av å betale i mynt. Statsmakta greip ved fleire høve inn til fordel for leiglendingane,

The image shows a handwritten document titled "Summarium Ringebo sogn". It lists several categories of taxes and their corresponding values in Riksdaler and Merker. The entries are as follows:

Category	Value
Landskyld	36 Hud. 15 Aln. Vadmål
Vadmål	26 Riksdaler 10 Merker
Foring	26 Riksdaler 10 Merker
Godvilje	6 Hudlag
Bergefisk	9 Bismarpund 4 Merker
Leidang	8 Merker 4 Skilling

Figur 2: Summerte inntekter som kongen (staten) kunne forvente seg av Ringebo sokn i skatteåret 1577–78. I landskyld var det 36 huder og 15 alner vadsmål. I dei gamle jordebokskattane foring var det 26 riksdaler og 10 merker (det er usikkert kva det siste galdt), godvilje 6 hudlag (svarar til kuhuder) og 9 bismarpund 4 merker (svarar til drygt 50 kg) bergefisk og leidang 8 merker 4 skilling (det er uklårt kva det galdt).⁶⁴

mellom anna ved forordning i 1684 å fastsette takst for landskyldvarene når dei vart betalt med pengar i staden for varer.²²

Dette kompenserte kanskje statsmakta til ein viss grad med dei aukande skattane som dei norske bøndene vart pålagde frå sist på 1500-talet – dei ser ut til å vere kravd inn i form av mynt, i alle fall når ein ser på rekneskapsbilaga, til dømes bygningsskatten til jonsok 1594.²³

Dei eldste nokolunde samanhengane oversyna vi har over innbetaling av landskyld, er frå siste del av 1500-talet. Dei gjeld jordeigedom staten hadde eigarskap til etter reformasjonen: det gamle krongodset, «thett gamle kronegotz»,²⁴ og det sentralkyrkjelege og lokalkyrkjelege godset etter den katolske kyrkja. Det var lensherrane som forvalta dette godset, og dei skulle som nemnt sende årlege rekneskap over inntekter og utgifter til sentralmyndighetene i København.

Dei to eldste oversyna frå Gudbrandsdalen, frå rekneskapsåra 1557–58 og 1560–61, er trykte.²⁵ I



Figur 3: Utsyn mot Fävång frå Oppsalåsen i 2014. Vi ser mellom anna Nordrum i nedre kant av bildet.
Foto: Arnfinn Kjelland.

desse er eigedomane lista opp med innbetalingar av landskyld av høvesvis gods etter erkebispem og hamarbispem, men av ein eller annan grunn ikkje det førreformatoriske krongodset. Vi kan sjå at landskylda ikkje låg fast på eitt vareslag, men vart betalt på forskjellige måtar frå det eine rekneskapsåret til det andre. Innbetalingane vart i hovudsak gjort med dei faste vareslaga huder, fisk og vadmål, men av og til òg med mynt, der det er innført til dømes «1/2 daler for 1 hud».

Den første komplette jordeboka for dalen, frå 1577–78, har med alle eigedomar som kongen hadde *faste* inntekter av i form av skatt eller landskyld.²⁶ Det

mest påfallande med den er føringa. Kwart av dei åtte prestegjelda er delte i tre bolkar: Den første er utan overskrift, men innføringa under kvar gard startar med «gods», enten krongods, «Hammersgoudz» eller «Erkebispens goutz», før dei gamle, nokså ubetydelege skattane frå mellomalderen er lista opp. Så kjem ein bolk med «Ødegarde og smaa iordparte», som i hovudsak ser ut til å vere oppgjevne med landskyld av Hamar- eller erkebispetype, i huder, skinn eller vadmål. Den siste, men gjerne den største gruppa er gardpartar som betalte berre gamle skattar: «nvirke bønder, Prestebønder, Kirkebønder, Hermandsbønder og Andre Odelsbønder» – altså

der jorda var eigd av andre enn krona. Frå Fron og sørover resten av dalen er det i tillegg til dei andre ytingane kome inn ei rad som i oppsummeringane for kvart prestegjeld, og for heile Gudbrandsdalen, er skriva *bergefisk*. Det er altså *ikkje* sett opp fisk som *landskyld* i denne jordeboka, slik det er gjort både før og seinare. Og framleis får vi altså berre vite landskylda når ho skal svarast til kongen; andre eigedomar er førte berre med dei faste skattane.

I 1589 klaga bøndene i Gudbrandsdalen til den nytnemnde lensherren, Axel Gyldenstjerne, på at jordeigarane no kravde all landskylda innbetalt i huder, medan dei tidlegare hadde betalt halvt i huder og halvt i fisk. Lensherren gav dei att den gamle retten.²⁷ Når fisken eigentleg festa seg som fast landskyldvare, er elles uklårt. Samanlikningar i form av stikkprøver i jordebøkene frå 1661, matriklane frå 1668 og matrikkelutkastet frå 1723 med jordavgifta frå 1803 syner visse avvik, ikkje så mykje i samla skyld, men i vareslag. Huder er heile tida dominerande, men det kan variere litt mellom fisk og vadmål – til dømes er tre Listad-gardar i Fron ført opp med hudskyld i 1661 og 1668, men med vadmålskyld i 1723 og 1803. Øvre Kleive og ein av Kjos-gardane i Gausdal er ført berre med hudskyld i 1661, men med skyld i både huder og fisk i 1668 og seinare. Nordrum på Fåvang er ført berre med huder i 1723, men med huder og fisk i 1803.

Eg tolkar dette som at skylda, i alle fall for nokre gardar, framleis vart betalt med varer utover mot slutten av 1600-talet. Jordebøker og matriklar kan til ein viss grad vere brukte som grunnlag for å registrere faktiske innbetalningar, og viss dei var gjorde i varierande vareslag, kan det vere forklaringa på dei avvika ein kan sjå. Men i all hovudsak er dei vareslaga som står som skyld på gardane på 1600-talet, dei same som dei på 1800-talet.

Vekteininga for fisken var bismarpund. Ho endra seg – i mellomalderen var ho truleg på litt over 5 kg.

I første halvdel av 1500-talet kom såkalla kølnsk vektstandard i bruk, og da utgjorde pundet 5,6 kg. Den vekta som er kjent frå nyare tid, skålvekt der pundet er nesten nøyaktig 6 kg, kom ikkje i bruk i Noreg før sist på 1600-talet.²⁸ I vekttoppgåvene nedanfor er derfor det kølnske pundet på 5,6 kg brukt. Nå gjeld dette altså sannsynlegvis tørka fisk, der 1 kg svarar til om lag 4 kg fersk fisk.²⁹

Ei norm for innbyrdes omrekning mellom skyld-eningar, det vil seie kor mykje av dei enkelte vareslaga det skulle skattast likt av, kom første gang i 1625 og vart endeleg fastsett i 1685. I samband med matrikuleringa i 1660-åra vart det fastsett kor mykje av dei andre varene som skulle svare til ei av dei tre hovudvareslaga – korn (tunge mjølvarer), smør eller fisk (sjøfisk) – som skylda skulle fordelast på. Det tok ei tid før dette kom i fast bruk.³⁰ I Gudbrandsdalen festa forholdet 1 hud = 1,5 pund bergesk = 4 eller 5 alner vadmål seg. Dette var òg lik 1/2 skippund tunge,³¹ som berre vart teke i bruk i Fåberg og Gausdal. Det skjedde nok ved overføringa av desse tinglaga frå Gudbrandsdal til Totens futedøme i 1815. Huda vart elles som nemnt delt i 12 skinn og pundet fisk i 24 merker.

OMGREPET BERGEFISK

Omgrepet *bergefisk* eller *bergerfisk* i ymse bokstaveringar ser ut til å vore brukt frå seinmellomalderen i fleire tydingar. Det er neppe tvil om at det kan knytast til «fisk frå Bergen»,³² sannsynlegvis òg til fisk tørka på berg eller tørka fjellfisk i innlandet.³³ Når det også er brukt i Gudbrandsdalen, har mange lurt på kva slags fisk dette kan vere.

Lars Reinton drøfta omgrepet i ein artikkel i tidsskiftet Heimen i 1958, eigentleg som tilsvaret til to artiklar av Aksel Hattestad i Årbok for Gudbrandsdalen for 1948 og 1957. Hattestad³⁴ konkluderer, på litt tynt grunnlag, med at denne fisken «var ein slags lettsalta, velsmakande rakefisk



Figur 4: Utsyn over Hunderfossen i 1880-åra – dette var ein svært viktig fiskeplass, som det vart betalt 1,5 pund (8,4 kg) bergefisk i landskyld av i 1595. Foto: Axel Lindahl.⁶⁵

som dei kunne laga serleg god i Gudbrandsdalen». Reinton på si side hadde, gjennom kjeldearbeidet bak storverket *Sæterbruket i Noreg* (Instituttet for sammenlignende kulturforskning 1955–1961), funne mange innførslar han meinte kunne stadfeste «tolleg sikkert at *bergefisk i Gudbrandsdalen og sume andre Austlands indre bygder var turka ferskvassfisk, truleg aure*» (kursivert av Reinton).³⁵

Arnved Nedkvitne drøfta i 1980 Lars Reintons³⁶ gjennomgang av kjeldegrunnlaget for dette vareslaget som skatte- og skylddeining i Gudbrandsdalen. Han meiner Reintons tolking ikkje er umuleg, men at det

ikkje er dokumentert noka slik meiningsforskyving i ordet frå «fisk frå Bergen» til «fisk tørka på berg». Sidan Reinton òg refererer dokument som viser at tørka sjøfisk av same type som vart eksportert frå Bergen òg vart sendt til Gudbrandsdalen, meiner Nedkvitne at: «Inntil det kan skaffes direkte belegg for at tørket aure produsert i Gudbrandsdalen ble kalt Bergerfisk, er det mest rimelig at denne betegnelsen også i Gudbrandsdalen sto for tørket sjøfisk».

Nedkvitne refererer Reinton³⁷ overflatisk. Argumentet han framfører, er at Reintons «viktigste argument [...] er at *Bergerfisk* forekommer

i skattelister fra det indre Østlandsområdet på 1500-tallet». Reintons viktigaste argument er ikkje at omgrepet førekjem i dei skriftlege kjeldene, men at det førekjem i så stort *omfang*, og særleg følgjande relativt sjølvsegte forhold:

Når landskyld og leige av elvar, fossar og vatn i Gudbrandsdalen vart betalt med *bergerfisk*, så må bergerfisk i det tilfelle vera autentisk med den fisken som verkeleg vart fiska der [...] Det er urimeleg å tenkje seg at rente og landskyld av fossar og vatn i Gudbrandsdalen vart betalt med sjøfisk frå Vestlandet.³⁸

Reinton bygger altså si drøfting på eit stort kjel-demateriale. Han refererer mellom anna at det i 1595 vart betalt ½ pund «bergerfisk» av eit vatn «Thennelaugid» og 1,5 pund av Hunderfossen i Øyer. At *det* skulle vere tørrfisk som var komen over Lesja, Strynefjellet eller Sognefjellet, er særst lite sannsynleg. Reinton peiker rett nok altså på ei kjelde som omtalar slik transport av tørr sjøfisk frå Romsdalsmarknaden over til Gudbrandsdalen, Peder Claussøn Friis' skildring av Noreg frå 1631. Reinton konkluderer likevel med at det «ville vere så utanom det vanlege og er så lite truleg at det umogeleg kan vere løysinga på problemet», mellom anna bygd på den betydelege mengda slik fisk som kom inn til Akershus i 1529.³⁹ Også Ivar Kleiven refererer til at domkyrkja på Hamar tok «landskylda i fisk (turrfisk) frå Gullbrandsdala».⁴⁰

Hans Hosar⁴¹ påviser at skjåkværanane handla med tørrfisk utover flatbygdene tidleg på 1700-talet. Han konkluderer på det grunnlaget, i samsvar med Ivar Kleiven,⁴² med at slik handel er «den mest sannsynlege bakgrunnen» for at ein del gardar i Skjåk hadde landskyld fastsett i bergefisk. Men Hosar og Kleiven sannsynleggjer likevel ikkje at slik handel var like omfattande *på det tidspunktet vareslaga*

gardane skulle takserast i, vart fastsette. Det skjedde altså fleire hundre år tidlegare.

Ivar Teigum⁴³ drøfta òg denne landskyldvara i Vågå, og sjølv om han ikkje er kategorisk, er det grunn til å tolke han til å vere samd med Reinton i at dette var fisk fanga og tørka i nærrområdet. Asgaut Steinnes⁴⁴ har òg festa seg ved at «eit anna slag fisk [enn torsk] vart nytta til å betale sume avgifter med i Søre Gudbrandsdalen».


Éi kjelde ser ikkje ut til å ha vore teke med i dei tidlegare drøftingane av omgrepet. I det reskriptet av 23. januar 1665 som danskekongen, Fredrik 3., gav ut som pålegg til kvar lagmann om å starte arbeidet med ein ny matrikkel, er det mellom anna nemnt ein del landskyldvarer som frå gammalt av har vore brukt, men som «ikke i Brug eller fornøden er, saasom Vadmel, Graaskind [...] Kalveskind, Huder [...] Salt, Humle, *saa og tør Fisk af de som boe til Fjelds*».⁴⁵ Dette vart altså ikkje følgt opp i Gudbrandsdalen; både vadmål og tørrfisk vart ståande i matrikkelen som «landskyldspecie».

Min konklusjon er derfor stort sett i samsvar med Reintons: Det kan neppe vere tvil om at i alle fall den «bergefisken» som er nemnd som *landskyldvare*, er tørka fisk fanga i distriktet. At mindre regelmessige avgifter og skattepålegg kan ha vore betalt med innført tørr sjøfisk eller annan fisk, kan ein likevel ikkje sjå bort frå.

Det er elles verdt å merke seg at førsteleddet, *berge-* eller *berger-*, stort sett går ut av bruk i kjeldene tidleg på 1600-talet. I odelsmanntalet for Gudbrandsdalen 1615 er til dømes alle eigedomar med slik skyld berre innført med «fisch»⁴⁶ eller tilsvarande. Slik er det i dei seinare matriklane òg så langt eg har sett.

FORDELING AV BERGEFISKS KYLD SIST PÅ 1500-TALET

Dei eldste oversyna over delar av landskyldinnbetalingane i Gudbrandsdalen finn ein som nemnt i dei bevarte lensrekneskapa frå 1557–1558 og



Figur 5: Dette kartet viser den samla skylda for kvart prestegjeld i Gudbrandsdalen omrekna til huder og kor stor del av ho som var i bergeskyld i 1803. Jf. tabell 1. Kartproduksjon: Espen Uleberg og Axel Mjærum ved Kulturhistorisk museum.

1560–1561 (trykte).⁴⁷ Dei består av landskyld av jord som hadde vore i katolsk sentralkyrkjeleg eige – ho hadde høyrte til erkebispem i Nidaros og bispem på Hamar. Krongodset frå før reformasjonen manglar altså i desse listene. Nærare gjennomgang stadfester at vareslaga skylda var sett i, ikkje hadde festa seg. Dei samla innbetalingane av bergeskyld frå 92 eigdomspartar i 1557–1558 var litt over 150 pund og tre år seinare nesten 160 pund av 89 partar.

Desse to seriane syner altså ikkje ubetydeleg variasjon i korleis landskylda vart innbetalt enno på

1500-talet. I Fåberg var det til dømes betalt knapt 30 pund fiskeskyld for 17 partar i 1557–1558, men berre drygt 20 pund av 13 partar tre år seinare. Det er fleire av partane som manglar i den eine av listene – det ser ut til at minst 21 forskjellige partar er med i enten ei eller begge. Systematisk samanlikning med oversynet frå 1803 viser òg at fleire partar som er nemnde med ikkje heilt små fiskeskyldpartar kring 1560, ikkje er med i 1803. Det gjeld i alle fall i Børke, Diserud og Smestad.

Prestegjeld	Tal, eigedomar	Samla skyld i huder	Eigedomar med fiskeskyld	Fiskeskyld i pund	Fiskeskyld rekna om til huder	Fiskeskyld i prosent av all skyld
Fåberg	246	250,9	25	33,5	22,3	8,9 %
Gausdal	252	361,4	35	37,6	25,1	6,9 %
Øyer	194	249,8	37	37,1	24,8	9,9 %
Ringebu	224	336,9	25	28,8	19,2	5,7 %
Fron	312	501,4	37	44,7	29,8	5,9 %
Vågå	262	419,1	18	17,4	11,6	2,8 %
Lom	290	467,9	11	13,8	9,2	2,0 %
Lesja	275	379,3	40	38,6	25,8	6,8 %
Sum	2055	2966,6	228	251,4	167,6	5,7 %

Tabell 1: Fordelinga av fiskeskylda på prestegjelda i Gudbrandsdalen etter jordavgifta 1803


Det var sannsynlegvis i samband med matrikkelarbeidet i 1660-åra at dei systematiske skyldoppgåvene vart fiksert. Da møtte kommisjonane representantar for bygdefolket, og informasjonen om skyldvarer var truleg i samsvar med det desse representantane meinte det hadde vore «frå gamalt», truleg utan omsyn til dei varierende vareslaga innbetalingane eigentleg vart gjort i til forskjellige tider. Dei kan jo som nemnt ha vore styrt av marknadssituasjonen. Eg nyttar derfor registreringane frå 1803 for å få oversyn over korleis fiskeskylda fordelte seg i dalen.

FORDELING AV (BERGE-)FISKS KYLD PÅ DEI ENKELTE BYGDENE I 1803

Jordtakseringa i 1803 syner som nemnt gamal skyld for drygt 2000 matrikkelgardar i dalen (sjå framanfor). Ho fordeler seg som vist i tabellen. Som vi ser, var altså hudskylda desidert størst, med 90 % av det heile, medan fisken utgjorde 5,7 % og vadmålet resten. Det var 228 matrikkelgardar i dalen som hadde delar av eller heile skylda fastsett i fisk.

Fiskeskylda hadde altså forholdsvis størst omfang i Sørtdalen, Øyer, Fåberg og Gausdal, med 43 %. Midtdalen, Ringebu og Fron stod for litt over 29 %, og resten, knapt 28 %, finn vi i Norddals-bygdene. Rekna om til vekt var den samla fiskeskylda slik ho vart registrert i 1803, litt i overkant av 1400 kg, litt over 600 kg i Sørtdalen, drygt 400 kg i Midtdalen og i underkant av 400 kg i Norddalen. Dette er som nemnt fiskevekta som tørr vare – det gjekk 4 kg fersk fisk per kg tørrfisk. Ein må likevel hugse at dette var skylda som *takst*, skattegrunnlag, og det var berre delar av desse mengdene som faktisk vart leverte til ein jordeigar – bønder som var sjølveigarar, trong ikkje betale.

Seks av matrikkelgardane i 1803 hadde berre fiskeskyld (100 %): to relativt små (rekna etter skylda) på Lunde i Fåberg (delar av gnr. 99), Haugen (del av gnr. 153) i Ringebu, som hadde blitt heilt øydelagt i Storofsen i 1789 og truleg gått inn i Øvre Sylte (gnr. 152). I Vågå er ein del av Nedre Kvarberg (gnr. 71) oppgjeve berre med fiskeskyld i 1803, men 35 år seinare er den delen tydelegvis slegen saman



Figur 6: Kart over plasseringa av gardar med fiskeskyld i bygdene i Sør-dalen. Markeringane viser til den interne storleiken på skylda rekna i pund (å 5,6 kg). Merk at dette berre var ein mindre del av all landskyld for området – sjå prosentfordelinga i tabell 1. Kartproduksjon: Espen Uleberg og Axel Mjørum ved Kulturhistorisk museum.

og den skyldeininga borte. I same bygda hadde Skårsroe (gnr. 155) berre fiskeskyld. Størst var det eine bruket på Hole i Skjåk (gnr. 2), med fiskeskyld tilsvarende ei hud.

Oppgåvene frå kring 1560 gir oss altså ikkje høve til å vurdere fordelinga like detaljert. Men vi kan sjå at den samla skylda i fisk er i overkant av 100 pund høgare i 1803. Det kan kome av to forhold: Godset staten eigde, er ikkje med kring 1560, og det har vore ei reell tilvekst gjennom den omfattande gjenryddinga av gardsbruk som vart avfolka i seinmellomalderen, men tatt i bruk att og skyldsett utover heile 1600-talet.

La oss så sjå på dei enkelte bygdelaga.

Gausdal

I det som i 1803 var Gausdal prestegjeld, var det 35 eigedomar med delar av skylda i form av fisk. Innanfor prestegjeldet finn vi konsentrasjonar av slike gardar i Follebu på austsida av Gausa og ved Segalstad bru og langs Jøra ved Forset, i Bødalen og ved Svatsum. I Follebu var det to Toft-gardar, Heggen, Holen og Manstad med 10,8 huder i samla skyld og 3,1 som fisk. Ved Segalstad bru to Einstad-gardar med 3 huder i samla skyld og halvparten i fisk. I Østre Gausdal på aust-/sørsida av Gausa var det Myre, Austereng, Reistad, Ovre og Borgard med 18,1 huder i samla skyld og 5,8 som fisk. På vest-/nordsida av Gausa var det Engeland, Kleva og Kjos med 5,5 huder i samla skyld og 2 i form av fisk.

Ved Forset var det Søre Kallstad og fire av fem Forset-garder med 16,3 huder i samla skyld og 8,3 fisk. Mot Bødalen var det Øvsthågå, to Bø-gardar, Brettingen og Brattland med 12,5 huder samla og 2,8 som fisk. Lenger oppe i dalen hadde Aulstad og Snertingdalen 0,8 huder i form av fisk av til saman 4,6 huder. I Øvre Svatum finn vi to Synstgard-bruk og så Lia og Melbø i Auggedalen med til saman 3,6 huder skyld og 1 hud i fisk.

Vi ser at konsentrasjonen var sterkast ved Forset, der fire av dei fem eigedomane i 1803 hadde over halvparten av den samla skylda i form av fisk, og ho utgjorde over halvparten (svara til 7 huder av 13,8). Desse eigedomane hadde vore i eiga til bispem på Hamar før reformaasjonen,⁴⁸ og det var kanskje at det var godt fiske i Jøra, som var grunnen.

Fåberg

I Fåberg prestegjeld medrekna garden Veslehamar (Lillehammer) var det i 1803 25 eigedomar med skyld rekna i fisk. Vi finn dei konsentrert langs Vingromstranda og Vingnes, i Saksumdalen, kring Veslehamar og på vestsida av Lågen.

Langs Vingromstranda var det Ovren, Røyne, Boro, Hov, Bulung, Øyre, Reistad og Ramberg med 23,8 huder i samla skyld, og av dette var 13,1 i form av fisk. I Saksumdalen betalte to av bruka på Nygard Saksum og Sæter 3,5 huder i samla skyld – av det var 1,5 som fisk. I området der byen kom, hadde Veslehamar, Lysgard, Skårset, tre Lundegardar og Vesleberget 12,5 huder samla og knapt 5 huder skyld i fisk. På vestsida av Lågen finn vi Øvre Jørstad, Mælum og Øvstdal, og så oppover mot Follebu Struksrud og Simenrud med heile eller delar av skylda i fisk. Til saman er desse gardane taksert til nesten 19 huder, og 7,3 skulle vere i form av fisk.

Gardane langs Vingromstranda stod altså for nesten 40 % av fiskeskylda i Fåberg. Her kan ein lure på om skyldsettinga kan ha samanheng med

det omfattande lågåsildfisket.⁴⁹ Skyldfisken kom nok frå Mjøsa som aure eller lågåsild, men lågåsilda vart likevel ifølgje Hiorthøy⁵⁰ aldri tørka, berre salta og kokt. Elvefisket var kanskje det viktigaste – slik Hiorthøy⁵¹ skildrar det. Han nemner òg at Mælum hadde «et skjønt Giedde Fiskerie», og at Vingnes hadde det «betydeligste» gjedde- og krøklefiskeri i Fåberg. Men eg har ikkje funne kjeldebelegg for at nokre av desse fiskeslaga vart nytta som landskyldvare.


Øyer

Øyer var prestegjeldet med forholdsvis størst fiskeskyld av den samla skylda. Her finn vi som nemnt Hunderfossen, der aurefisket frå gamalt av «lyt ha vore ei overlag stor og gjæv herlegheit».⁵² I 1803 var det 37 gardar med fiskeskyld i bygdene, og gardane med slik skyld finn vi nokså jamt fordelt på austsida av Lågen frå Hunder og oppover til prestegjeldsgrensa mot Ringebru. På vestsida har vi ein konsentrasjon i Musdalen oppover til Ingeridskogen, der bruk på Hong, Berg, Offigstad og Holen hadde noko fiskeskyld: Ho svara til 2 huder av ei samla skyld på drygt 13 huder.

Lågen går stille ved Øyer. I Jemne- og Gillebufjorden var det nok bra fiske. Her stod bruk under Bryn, Vedem, Høvre, Bergom, Moshus, Skjønsberg, Lånke, Gillebu og Kvam med ein betydeleg del, 11 av 27 huder til saman.

Lågen nedanfor Tretten hadde truleg òg gode fiskeplassar. Holmen og Mælum var enkeltbruk, og halvparten av den samla landskylda på desse gardane, som svara til 1,5 huder, var sett i fisk.

Elles startar Losna her ved Tretten, og vatnet og fisket var sjølvsagt ein «herlighed» for mange. Dei gardane på austsida som hadde fiskeskyld her, frå Langgard, Torstad, Tande og Kleva, står òg med over fjerdeparten av skylda, som svara til 3,5 av 13,7 huder, i form av fisk.



Figur 7: Kart over plassinga av gardar med fiskeskyld i bygdene i Midtdalen. Sjå forklaringa til figur 5. Kartproduksjon: Espen Uleberg og Axel Mjærum ved Kulturhistorisk museum.

Ringebu

I Ringebu prestegjeld var det i 1803 i alt 25 bruk med delar av skylda i fisk. Her finn vi litt sterkare konsentrasjonar – på austsida litt oppover frå Øyergrensa gjeld det fire bruk frå Øfstgard, Steinumgard, Torsgard og Haugen med 2,7 av 6 huder i form av fisk.

Frå Løysnes og opp til Fåvang var sju bruk frå Oppsal, Bakke, Løysnes, Lunde, Nordrum og Rørvik førte med fiskeskyld. Reknar vi med Hjelle på nordsida av Tromsæ på vegen opp mot Brekkom, hadde alle desse det som svara til 8,3 huder, av

skylda på 25,4 huder i fisk. Her var det nok fiske både i Lågen og i fjellet, særleg Imsdalen, som gjorde utslaget. Brukarar i Fåvang kom tidleg i konflikt med austerdøler om denne fjelldalen med dei fiskerike vatna,⁵³ og i alle fall Nordrum har hatt fiskerett der.⁵⁴

I dalen på vestsida av Fåvang var det to bruk, Tullia og Godlia, som stod med tre huder i skyld til saman; av desse var ei fisk. Litt lenger oppe i dalen nede ved elva var det fiskeskyld på Berge og to Strande-bruk, og når vi reknar med Rotås i dalen



Figur 8: Utsyn over Lågen ved Sandbu i Sel 1926. Garden var ikkje sett i fiskeskyld, men det var nabogardane Øvre og Nedre Bu like ovanfor. Foto Anders Beer Wilse.⁶⁶

ovanfor Strande, hadde desse fire bruka ei fiskeskyld som svara til 3,5 av 13 huder.

Den siste konsentrasjonen av fiskeskyld i Ringebu finn vi i Kjønnsgrenda og Venabygda. Der hadde sju bruk frå Mælum, Nordrum, Rudi, Bø og Venåsen knapt 4 huder i fiskeskyld av ei samla skyld på 16,5 huder. Frå gamalt av gav nok fjellvatna mange av desse òg høve til å skaffe seg fisk til å betale gardleige med.

Fron

Fron var det prestegjeldet med høgst samla skyld, og 37 bruk er registrert med fisk. Dei i sjølve dalen ligg i stor grad på begge sider av Lågen. På austsida frå prestegjeldsgrensa sørfrå gjeld det 14 bruk frå Forr, Odenrud og Oden, Rudi, Kjørstad, Tåkåstad, Brandvål og Ilstad. Desse var til saman sette i 38,4 huder, og av desse var nesten 10 i form av fisk.

På vestsida av Lågen rekna sørfrå var det 12 bruk frå Bakke, Bue, Haverstad, Skarstad i Nørdre Lia og Lunde, Bø og Bryn i Ruste førte med litt over

7 huder av det som til saman svara til litt over 25 huder skyld. Oppover Vinstradalen, i Kvikne, hadde 10 bruk av Sylte, Silli, Vistad og Tune, Åsmundstad, Nedre Fosse og Slåa, Kvålen og Skåbu ei fiskeskyld på det som svara til litt over 7 huder, av knapt 21. I Kvam var det fire bruk: Stormorke (Sønstebø), Sigstadvollen, Forbrigd og Klomstad, som til saman var sette i drygt 4 huder av det som samla svara til 16,5 huder.

Det er vel neppe grunn til å tru anna enn at gardane nede i hovuddalen hadde fisk frå både Lågen og fjellvatna. I Kvikne, og særleg Skåbu, var fiske og fangst viktige næringsgreiner såpass seint som på 1800-talet.⁵⁵

I Fron er det elles belegg for ei anna fiskeavgift enn skyld: «ridefisk» til soknepresten. Det var ei fast avgift for at presten sjølv skulle halde seg med ridehest. Heil- og halvgardar (etter det gamle gardklasse-systemet⁵⁶) i annekssokna Kvam, Kvikne og Sødorp skulle betale 1 pund fisk i året til soknepresten for å sleppe plikta til å skyssse han frå prestegarden til annekskyrkjene.⁵⁷ Dette var nok fisk av same slag som skylda var sett i, bergfisk.

Vågå

I Vågå prestegjeld var det i 1803 ikkje fleire enn 18 eigedomar som var registrerte med fiskeskyld. Dei det gjeld, er ikkje spesielt konsentrert. Ein gard ovanfor Vågåmo, Nedre Øy, hadde ei halv av den samla skylda på det som svara til litt over 5 huder, oppført som fisk. To av bruka på Øygarden i Skårvangen hadde ei halv av det som svara til 1,3 huder, i fisk. To gamle gardar på sørsida av Vågåvatnet, Klones og Valle, var registrerte med 2,5 av den samla skylda på 7 huder i form av fisk. På nordsida av vatnet hadde Fellese ein halv av 5 huder som fisk, medan ein eigedom på Kvarberg som nemnt hadde berre fiskeskyld, 1 pund eller 2/3 hud. Eit av bruka på Øvre Skår ved Lalm hadde det same. I Sjørdalen var det berre eitt

bruk på Kleppe som var registrert med litt fiskeskyld, det som svara til ei halv hud, av drygt 4,5 huder.

I Øvre Heidalen hadde to bruk, Holen og Åseng, ei skyld på 3/4 hud i fisk av til saman 4 huder i 1803. I Bræbygda, på vestsida av Lågen, hadde tre bruk av Bu og Bræ 1,5 huder av 5,3 i fisk. Ovanfor Otta hadde to mindre bruk, Kleivrud og Kolobekken, halvparten av skylda på til saman ei hud i form av fisk, og på Nord-Sel hadde to bruk av Skåra og Romundgard tre huder av den samla skylda på åtte huder i form av fisk.

Ivar Teigum har funne dei fleste av desse gardane med fiskeskyld i ei jordebok frå 1607/08 og peiker på at alle var gardar som kunne rå over gamle rettar på elvar og vatn. Dei fleste låg lagleg til for fiske på Vågåvatnet, Lalmsvatnet, Lågen sør for samløpet med Otta eller vatna i heimfjellet mellom Randsverk og Vågå.⁵⁸

Ein kan likevel lure på kvifor fiskeskylda var såpass lita i høve den samla landskylda i denne bygda.

Lom

Lom medrekna Skjåk var det prestegjeldet i Gudbrandsdalen med lågast fiskeskyld i 1803, rekna både i mengd (knapt 14 pund eller drygt 77 kg) og i del av den samla skylda frå bygdene (sjå tabellen). Det var berre elleve bruk i Lom som vart registrerte med fiskeskyld i 1803.

Dette er påfallande så lenge også bygdene i Lom har hatt gode fiskeri i både vatn og elvar på bae sider av dalføra og i sjølve Ottaelva. I søre delen av bygda, ved Garmo, er ho ein del av Vågåvatnet, og nedst i Skjåk til Fossbergom flyt ho òg så stilt at ho er rekna for eit vatn, Skim, kjent for godt fiske i eldre tid.⁵⁹

Av dei elleve eigedomane med fiskeskyld var berre tre i hovudsoknet. Andberg i Nedre Bøverdalen hadde det som svara til 0,8 huder, av 2 huder i fisk.



Figur 9: Kart over plasseringa av gardar med fiskeskyld i bygdene i Norddalen. Sjå forklaringa til figur 5. Kartproduksjon: Espen Uleberg og Axel Mjærum ved Kulturhistorisk museum.

Dei to Bakkeberg-bruka på Galde i Øvre Bøverdalen hadde nesten halvparten av den samla skylda på 3,4 huder i fisk. Resten låg i Skjåk, og her finn vi òg konsentrasjon langs breddene på Skim. Fem bruk, to av Hole, Maurstad, Nørde Ånstad på sørsida og Bøje på nordsida, hadde det som svara til 5 huder, av den samla skylda på drygt 13 huder oppgjewe i fisk. I tillegg hadde eine Forberg-garden det som svara til 1,5 huder, i fiskeskyld av samla 3,3 huder, og to av eigedomane på Dagsgardøygarden («Hov Engeland») er òg førte med ei lita fiskeskyld (3 skinn av 5 skinn samla).

Særs påfallande er det nok at ingen gardar på Garmo er registrert med fiskeskyld sjølv om dei frå mellomalderen hadde fiskeretten i Tesse (sjå s. 127–135).

Lesja

I Lesja prestegjeld finn vi altså i alt 40 eigedomar med fiskeskyld i 1803. Det var det høgaste talet i dalen, men den samla fiskeskylda var elles, som vi ser av tabellen, ikkje så høg. Fisking var likevel truleg ei viktig attåttnæring, i alle fall slik Ivar Kleiven såg det; både Lesjavatnet og dei store vatna i fjellområda



Figur 10: Utsnitt av kart over Dovrebygda, anneks til Lesja prestegjeld, teikna av landmålar Christian Basballe i 1758–1759. Vi ser gardane med fiskeskyld på sørsida av Lågen i søre delen av bygda: Haugen, Ryddøla, Siljehaugen og Rindal. Frå Kartverket, Amtkartsamlinga.

særleg på nordsida mot Dovrefjellet førte til at bygdene «ha flust upp med aure te kvar ti' både fersk og gomal». ⁶⁰

Bruka med fiskeskyld i Dovre ligg i nokre konsentrasjonar. Nedst i bygda, på Dovreskogen, var det fire gardar nokså samla på sørsida av Lågen: Søre Haugen, Ryddøla, Siljehaugen og Rindal. Dei hadde knapt 4 huder i samla skyld, og av detta var 1,75 i fisk. Gardane her hadde vel kanskje godt fiske innover langs Ryddøla og i fiskevatna innanfor? På solsida i Åsagreude var det òg fire eigedomar med fiskeskyld: Engelshus, Vigerust og to på Slette. Skylda på desse var til saman drygt 5,5 huder, og av dette var ca. fjerdeparten i form av fisk. Desse gardane hadde i alle fall god tilgang til fjellfiske austover. Lenger nord i Dovre var det fire bruk med fiskeskyld: to i Arnkleiv – Engjom og Hjelle – med 5,5 av til saman 12 huder som fisk. Eine Dombås-garden hadde òg

ei halv hud eller ein tredjedel av skylda i fisk. Desse gardane ser ikkje ut til å ligge like lagleg til for fjellfiske, men dei hadde sjølvsagt tilgang til Lågen.

I Lesja er gardane med fiskeskyld meir spreidde. I Kjøremsgrende var det Ommondgard og Nørdre Rolstad, der 2,5 av 8 huder i samla skyld vart rekna i fisk. Så var det som svara til ei hud, av tre huder på Nordigard Bø sett som fisk, medan ei halv av drygt 2 huder i Flågåstad stod i fisk.

Vidare nordover finn vi to konsentrasjonar av gardar med fiskeskyld i 1803. I nørdre delen av Kyrkjebygde var det fem eigedomar: Vesl-Kollstad og to på både Hogsvål og Belle. Skylda på dei var til saman drygt ti huder, og av dette var det som svara til tre huder, i fisk. Den nørdeste og høgaste konsentrasjonen av slik skyld var på Nordmo, der i alt 13 eigedomar er sett med delar av skylda, drygt 7 av knapt 21 huder, i fiskeskyld. Det var dei to Tordhol-bruka, Skarphol, Nørstegard, to bruk på Norderhus, alle fire Bjøkne-gardane, dei to i Hågån og Motterud.

OPPSUMMERING

Tørka ferskvassfisk må ha vore ein etter måten viktig del av vareproduksjonen i Gudbrandsdalen i overgangen til tidleg nytid, på 1500- og 1600-talet. Mange krav frå statsmakta, der landskylda kanskje berre var ein mindre del, ser ut til å ha vore betalt med denne vara. Det er likevel dessverre vanskeleg å finne noko mønster i kva det var for gardar som på eit tidspunkt faktisk leverte slike varer i form av landskyld eller til dekning av andre krav frå statsmakta – til det er kjeldegrunnlaget for dårleg.

Det er til dømes påfallande at forholdet mellom fiskeskyld og den samla skylda var såpass mykje lågare i Vågå og Lom enn i resten av dalen. Ein kan kanskje tru at det hadde samanheng med avstanden til dit innbetalinga skulle skje. Men det argumentet held ikkje når vi ser at fiskeskylda frå Lesja og Dovre,

rekna om til vekt, var meir enn dobbelt så tung som den frå Ottadals-bygdene til saman. Ein skulle altså trudd at dei bygdene, med dei gode og godt dokumenterte fisketilhøva ein finn der, skulle ha blitt taksert i form av fisk i større grad. Eit moment til å forklare dette kan kanskje vere at Ottadals-bygdene var klimatisk og topografisk særleg godt eigna for kornproduksjon, ein produksjon gardbrukarane der vidareutvikla gjennom den omfattande kunstige vatninga langt attende i tida. Bygdene eksporterte som kjent kornvarer i betydeleg omfang mellom anna til Røros. Men Fron var trass alt den viktigaste kornbygda i dalen⁶¹ og hadde likevel forholdsvis høg skyld i fisk.

Som nemnt har vi ikkje gode kjelder til kunnskap om fordelinga av jordeigedommen før kring 1660. Da var nok forholda relativt mykje omsnudd i høve til tidleg på 1500-talet, da vareslaga landskylda skulle betalast i, vart fastsette. For gardar som ikkje var i sjølveige, var det nok i betydeleg grad eigarane som dikterte kva vareslag leiglendingane skulle betale, jf. klagja til lensherren i 1589. No veit vi ikkje omfanget av sjølveige i Gudbrandsdalen på denne tida, men Fartein Valen-Senstad⁶² rekna med at det kan ha vore om lag ein tredjedel. Han peiker likevel på at det nemnde skyldesystemet nok førte til at mange bønder var delvise leiglendingar og måtte betale delar av skylda til forskjellige eigarar. Det ser vi tydeleg særleg i kjeldene frå kring 1660. Det kan derfor vere grunn til å seie seg samd med Ivar Kleiven, som altså konkluderte med at hamarbispen var den jordeigaren som ville ha slik fisk (sjå frammanfor), og denne var nok til bruk i hushaldet på bispegarden. Omfanget av bergeskisk i landskyldoppgåvene også seinare kan der neppe seiast å vise anna enn eit muleg omfang av jordeigedom han kontrollerte før reformasjonen.

Noko detaljert oversyn over kor mykje fisk som totalt vart fanga i Gudbrandsdalen ved inngangen til

nytida, er derfor ikkje råd å kome fram til. Mengda svarar til kyststroka våre, der det å ro ut og fiske til dagleg matkonsum var vanleg. Det var det nok til ein viss grad her i dalen òg, slik det er dokumentert frå markaslåttearbeidet i Ringebufjellet på slutten av 1800-talet – slåttefolket som skulle arbeide i eit par veker, hadde med seg noko mjøl- og mjølkemat, men det første dei gjorde, var å fiske seg nokre «kjøe» i næraste bekk eller vatn, så dei hadde til «sulmat».

SUMMARY:

ABOUT THE LAND RENT “BERGEFISK” IN GUDBRANDSDALEN

In Norway, the only way landowners could get any profit from their property was by leasing it to a free tenant. The rent the peasant had to pay for the farm was a certain part of the yield: grain, meat, hides, wool, butter, cheese, or products from nearby available resources, such as fish, furs, and timber. Already in the 14th century, the Crown had had all farms valued and given a land rent, also farms that were allodium (“odel”) or regular freeholds, where the peasant owner had no obligation to pay anything to anybody for the use of the farm. The reason was of course that the system was also well fitted to calculate ordinary tax payment.

Saltwater fish, mainly dried, was a very important land rent along the coast, and for hundreds of years the most important goods for export from Norway. But we can also find fish as land rent from inland farms as early as the beginning of the 16th century. This fish is called *bergefisk*, which may be translated in two different ways: as meaning “freshwater fish from the mountains” (in the written form *berg*) or

“saltwater fish from Bergen,” the major export harbor in the country.

The article discusses the findings and distribution of “bergefisk” as land rent on farms in Gudbrandsdalen based mainly upon a complete taxation list from 1803. The conclusion is that the “bergefisk” as land rent in this area must have been freshwater fish from the lakes and rivers, and the amount given in land registers indicates that such inland fishing must have been of a certain significance in early modern times.